

Lenda frå Land

Forf: Aasmund Olavsson Vínje

1.Sjá no skal du høyra om Lenda frå Land,
og om hennar fagraste folen,
so sant som eg segjer, at soga er sann
kvar einaste mutten og molen.

2.Ho Lenda med son sin til beites vart send,
til fjells frå det skogute traset.
Og godt ho der uppe kring sætrom var kjend
og fann seg det finaste graset.

3.Men Lenda ho visste at turrare var
kvar blomen der nede på hjellom,
so lenger og lenger med henne det bar
der upp mot dei fælände fjellom.

4.I slagregn på flotter og flære og fly
når drivskodd i krullar og ringa
då stod ho med veret for son sin til ly
og vermde han med halsen og bringa.

5.So kom ho til Bygdin so for ho mot vest
der breen til høgge seg krinsar.
Og der kan du tru det er beite for hest
med graset so feitt at det glinsar.

6.Med folen ho for og på vollar ho låg,
og fælände feitna den fyrkja.
Og upp ifrå bakken mot bergi ho såg
til tindar som tårnet på kyrkja.

7.Frå lier ho for der ho beitte som best
kven veit kva ho hadde i hausen,
ho stemnde av stad og so kom ho der vest
der sinn under Galdaberg knausen.

8.Men ulukka var ho til høgge ei tok
der framme på strandi ved hekken,
for upp over berget legg vegen ein krok
og soleis hos sat som i sekken.

9.Den kvelven er fin og slik lygne for vind
og det er vel beite kan hende,
men fjellet og fjorden dei stengjer det inn
so vegen er berre att ende.

10.Ho beitte i bakken men fann so til sist
at graset tok der til å enda,
so sto ho og sturde, det er galskap men visst
at hesten han aldri kan venda.

11.Ho sto der og tenkte og såg seg ikring
so steig ho til svåms burt i bylgja,
og folen flaug etter det er skrøpelige ting
du veit at han mor sin laut fylgja.

12.Ho svam so det fossa for hestar er slik
han vatn ikke vyr eller vandar,
men midt burt i berget der ligg der ei vik
og der ho med folen sin landar.

13.I vatnet var kaldt denne stubben ho svam
og svidde i holdet det gjorde,
tilbake ho kan kje og lengre fram
det var som ho heller ei torde.

14.Dei åt der so lenge der fanst att eit strå,
og svart dei ikringom seg snøydde.
Men folen var barnet og svolten drog på
so der ifrå mor si han døydde.

15.Å kvila på vegen gjev styrke i bein
og kan du so bør du det gjera,
men standa i fåren som hoggen i stein
det er fulla rådlaus å vera.

16.So kom det ein båt i den djupaste naud
og svint inn i svingen seg smurde,
so frelste dei Lenda som nær på var daud
og stod over son sin og sturde.

17.Det er som du sjølv kan som Lenda bli stur
når dette du dreg deg til minnes.
Men er det kje grovt med den hestenatur
som solens skal vera til sinners.

18.Han stend til han stuvande svelter ihjel
og vantar på vit til å venda,
og det er so sant som eg dette fortel
at titt det i fjellom kan henda.

19.Han gjenge seg fast og han aldri kan snu
og motgang hans tankar ei mognar.
Han skifter ei mening som folk skulde tru
han brester men aldri han bognar.

20.Slik sjeldan er geita, det veit eg so plent
ho er liksom vittig og bråtenkt.
Og åndfull so tidt ho er inkonsekvent
og snur når ho ser det er fåfengt.